



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 30.03.2023
Møtestad: Kommunestyresalen, Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 14:00

Orienteringar:

1. Norsk Vind v/Espen Borgir Christophersen orienterar om status i prosjekt Hordavind.
2. Biofokus v/Torbjørn Høitomt presenterar rapport om naturkartlegginga, gjennomført sommaren 2022, i Modalsfjella.
3. Presentasjon av kontrollutvalet si årsmelding 2022, v/ leiar Sigmund Vikane.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordførar	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordførar	
Linda Neset	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Ove Eidsnes	SA	Medlem	Meldt forfall
Robert Helland	SO	Medlem	Meldt forfall.

Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	Meldt forfall
---------------------------	----	--------	---------------

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Inga Jorunn Nåmdal	SA	Varamedlem	Vara for Ove Eidsnes
Knut Farestveit	SO	Varamedlem	Vara for Ole K Øvre Helland
Petter Benjamin Arnesen	SO	Varamedlem	Vara for Robert Helland

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
013/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/2023	Godkjenning av møteprotokoll
015/2023	Referatsaker
016/2023	Orienteringssaker
017/2023	Syns- og Audiopedagogiske tenester - SAPT Vestland - Kommunalt oppgåvefelleskap
018/2023	Personalpolitikk - revidering av lønspolitisk og seniorpolitisk retningsline
019/2023	Endringar i samansetjing - ungdomsråd

013/2023: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

014/2023: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

015/2023: Referatsaker

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

016/2023: Orienteringssaker

Behandling:

1. Naturmangfald i utvalde områder i Stølsheimen og Matrefjella

Biofokus v/økolog og mosespesialist Torbjørn Høitomt presenterte rapport om naturkartlegginga gjennomført sommaren 2022 i Modalsfjella. Kartlegging og rapport er tinga av Forum for natur og friluftsliv (FNF) Hordaland v/ Gunvar Mikkelsen.

Rapporten skildrar naturmangfaldet i fjellområda i- og rundt Modalen kommune, og det har

vore utvalde undersøkningsområder for å kartlegge plante- og dyrelivet. Det har vidare vore sett på korleis klimaprofilen i Stølsheimen og Matrefjella vil kunne utvikle seg dei neste ti-åra med bakgrunn i det ein har oversikt over i dag og kva som kan påverke dette. Kartlegginga kan nyttast som ein del av faktagrunnlaget i ein større konsekvensutredning ved behov for dette.

2. **Prosjekt Hordavind**

Norsk Vind v/prosjektleder Espen Borgir Christophersen orienterte nærare om prosjekt Hordavind og status. Etterspurnaden etter straum auker dei neste åra, mellom anna grunna av nedskalering av utslipp, elektrifisering av samfunnet og levestandard. Norsk Vind ønskjer å utrede konsekvensane av utbygging av vindkraft i Modalen. Ein konsekvensutredning vil kunne undersøke ein del spørsmål knytt til område med sårbare naturtyper, konsekvenser for dyreliv og friluftsliv, og for lokalsamfunnet.

I dagens system er kommunen formelt sett ein høyringspart opp mot NVE ved handsaming av ein konsensjonssøknad. Lovforslaget til endringar i konsensjonssystemet gjev kommunane auka mynde i handsaminga i av denne type utbyggingsprosjekt. Kommunane kan velje sjølv å sette i gang utredningar i samarbeid med selskap som Norsk Vind og, etter ein konsekvensvurdering, vurdere dei konsekvensane som vert identifisert/kartlagt opp mot eit eventuelt framtidig utbyggingsprosjekt. Vil kommunen kan gjennom arealplanlegging kunne vurdere kor det vil vere areal som kan nyttast til dette føremålet. Dersom lovendringa vert sett i verk, vil kommunane også sjølv kunne handsame konsensjonssøknader.

3. **Årsmelding kontrollutvalet 2022**

Leiar i kontrollutvalet Sigmund Vikane presenterte kontrollutvalet si årsmelding 2022, og ga nærare informasjon om rammene for kontrollutvalet sitt arbeid og samarbeidet med- og rollane til sekretariatet og revisjonen.

1. **Orienteringar frå administrasjonen**

Rådmann orienterte om desse sakene:

- Henvending frå Modalen kraftlag

Disponering av kvoten og forlenging av avtale

- Tilråding og forbod mot bruk av app-ane TikTok og Telegram

Tilsette i kommunane i IKT Nordhordland-samarbeidet skal ikkje lenger ha applikasjonane TikTok og Telegram på mobil, nettbrett eller pc som er eigd av kommunen.

- Støtte til breibandsutbygging i Vestland

Kommunar i Vestland fylke får moglegheit for å søke om støtte til midlar for fiberutbygging der det kan vere behov for dette.

- Høyringsuttale om skuleinntak og nærskuleprinsipp

Modalen kommune sender inn høyringsinnspel

- Investering i bowlinganlegg

Det kjem sak i neste møte i kommunestyret om behov for justering og tilleggsføring i investeringsbudsjett for 2023, då innkomne anbod er høgare enn føring i budsjettet.

- Satsar for årskort ved Bryggjeslottet

I neste møte i kommunestyret vil det bli lagt fram forslag til sats for årskort ved bruk av Bryggjeslottet.

Administrasjonen er i prosess for revidering av ordninga for bruk av årskort.

Det vart vidare svart ut spørsmål knytt til desse sakene:

- Ras ved ferdavegen mot Trohaug. Raset gjekk på privat eigedom og ikkje på kommunal grunn.

- Status byggjeprojekt kyrkjetomta

Det har vore gjennomført anbudsprosess og det er inngått avtale med ein tilbydar som vil starte opp etter påske med utredning av moglegheiter for tomta.

- Flygel i Flodmaal

Det vart gjennomført flygelkonsert i Flodmaal vinter 2023. Det er ønskje om at ein vektlegg akustikk og tilrettelegging for gode konsertopplevingar ved vurdering av plassering av flygelet, og tilbakemeldingane etter konserten. Kommunestyret bed om at flygelet vert flytta tilbake til Bryggjeslottet.

- Folkevaldopplæring

Det er ønskje om at startar planlegginga før sommaren av folkevaldopplæringa for nytt kommunestyret hausten 2023. Det vil vere nyttig å få dette inn i politisk møteplan for hausten.

- Rapport om Modalen Næringsbygg AS

Det er ønskje om at rapporten vert teke omsyn til i vidare planlegging av saker som skal til kommunestyret for handsaming og når eigarskapsmeldinga skal handsamast.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

017/2023: Syns- og Audiopedagogiske tenester - SAPT Vestland - Kommunalt oppgåvefelleskap

Behandling:

Rådmannen orienterte nærare om bakgrunn for saka og behovet for fornying av samarbeidsavtalen. Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune vil framleis vere med i Syns- og Audiopedagogisk teneste Vestland, og vedtek å inngå ny samarbeidsavtale for kommunalt oppgåvefelleskap – SAPT Vestland

018/2023: Personalpolitikk - revidering av lønspolitisk og seniorpolitisk retningsline

Behandling:

Ass.rådmann og rådmann orienterte kort om saka og svara på spørsmål.
Ordførar tok endringsforslag frå Sigrunn Almelid Birkeland opp til votering.
Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Lønspolitisk retinsline vert godkjent slik den ligg føre, med desse endringane:

1) Bakgrunn, føremål og mål:

2 avsnitt: Etter:.. Løn er eit personalpolitisk verkemiddel: Enders til:

Lønspolitikken skal bidra til å motivere til kompetanseutvikling, meir heiltidsstillingar, rekruttere, utvikle og behalde medarbeidare i Modalen kommune. Samt sikre kvalitet, ivareta likestilling mellom kjønna, og fremje ei måloppnåing til beste for innbyggjarane i kommunen.

Mål for lønspolitikken

- Vera eit fleksibelt verkemiddel der grunnleggande verdiar for tilsette og kriteria for god leing er viktige føringar.
- Vera marknadsrelatert og konkurransedyktig i forhold til dei arbeidsgjevarane me naturleg vil samanlikne oss med
- Stimulera til læring og kompetanseutvikling for alle medarbeidarar
- Stimulera til innsats og gode resultat

4) grunnlag for løn

Etter: Løn vert vurdert og fastsett ved tilsetting, og seinare ved lokale eller særskilte forhandlingar: Vurdert vil seie, at dersom den tilsette har relevant fag som arbeidsgjevar har behov for, så vil det verta gjeve uttelling for denne.

B) Ettar og vidareutdanning:

Tillegg til eksisternede pk etter siste avsnitt: For ufaglærte som tek fagbrev, fagarbeidarar som tek fagskule, tilsette med bachelor som tek spesialisering, så vil dette gje ny stillingskode og ny løn etter reglane i HTA.

C. Løn ut frå arbeidsmaknadsomsyn; rekruttera og behalda.

Tillegg til eksisternede pk.: Me ynskjer å rekruttera og behalda kvalifiserte medarbeidarar som innehar ynskt kompetanse i møte med andre offentlege arbeidsgjevarar. Dette vil seie å vera konkurransedyktige for enkelte tilsette og grupper av tilsette.

Nytt punkt: D. Pensjon og inntekt

Tilsette i Modalen kommune har pensjonsopptening i KLP og SPK (undervisningspersonale).

Tidlegare tilsette som mottek alderspensjon frå offentleg pensjonskasse kan jobbe på pensjonsvilkår. Satsane vert fastsette av departementet og skal nyttast av alle som mottek alderspensjon frå offentleg pensjonskasse. Dersom ein nyttar andre satsar skal dette innberettast til pensjonskassa. Reglane gjeld berre for dei som mottek alderspensjon. For dei som mottek AFP gjeld andre grenser for kva ein kan tene i kombinasjon med AFP utan å få redusert pensjon.

Ut over dette, sjå eigne seniorpolitisk retningsline for Modalen kommune.

6) 1. avsnitt etter som legg viktige føringar for forhandlingsprosessen: Lokale lønsforhandlingar er forhandlingar mellom to likeverdige partar, og begge partar må gjera sitt for å få til eit samarbeid prega av likeverd og respekt.

Juni andre avsnitt: Etter: ... i lokale forhandlingar. Leiearane er ikkje part i forhandlingane, men skal spele inn sine anbefalingar til arbeidsgjevarane sitt forhandlingsutval.

Seniorpolitisk retningsline vert godkjent slik den ligg føre med desse endringane:

6. Vedtak:

Vedteke av kommunestyret i Modalen kommune i KS sak 019/2023

7. Gjeld frå 1.mai 2023.

Begge retingsliner har veknad frå 1.mai. 2023.

019/2023: Endringar i samansetjing - ungdomsråd

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret vel følgjande kandidatar til ungdomsrådet:

Medlem: Agnes Midtun

Medlem: Ingeborg Romarheim

Varamedlem: Joakim Brügger

Varamedlem: Jakob Selmer Langedal
